



**Nasjonalparkstyret
for Reinheimen**

Postadresse
Postboks 987
2604 LILLEHAMMER

Besøksadresse
Norsk Fjellsenter,
Brubakken 2, 2686 Lom
Norsk Tindesenter
Havnegata 2, 6300 Åndalsnes

Kontakt
Sentralbord: +47 61 26 60 00
Direkte: +47 61 26 62 04
sfinpost@statsforvalteren.no
<http://www.nasjonalparkstyre.no/reinheimen>

Skårvangen beitelag v/Kai Espen Lilleengen

Saksbehandlar Kristine Sørleie

Vår ref. 2021/9611-2 432.3

Dykkar ref.

Dato 22.09.2021

Delegert vedtak - Dispensasjon - Reinheimen NP - Finndalen LVO - 2021 - drone leting etter sau - Skårvangen beitelag

Delegert vedtak

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Skårvangen beitelag dispensasjon til å bruke drone i samband med ettersanking av sakna beitedyr på hausten i 2021, 2022 og 2023. Dispensasjon gjeld i samband med dokumentert sakna beitedyr i beiteområdet, etter normal sanking.

Bruk av drone til dette føremålet oppfyller vilkår for å gje dispensasjon, og strider ikkje mot verneformålet, og vil ikkje påverke verneverdiane nemneverdig.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Dispensasjon gjeld områda til Skårvangen beitelag frå Milthaugen mellom Gjerdingsdalen og Skjervedalen som vist på kartskissa lenger ned i dette dokumentet.
- Dispensasjonen gjeld etter hovudsanking på hausten, og fram til ein har fått søkt i områda der det kan vera sjanse for å finne dei sakna dyra.
- Flyging skal i størst mogleg grad skje i maksimal høgde som er 120 meter over bakkenivå.
- Dyrelivet skal ikkje uroast. Flyging nær dyr og fugl skal unngåast. Ved observasjon av villrein eller rovfugl må dronen takast ned til fuglen/villrein har trekt unna.
- Det skal haldast god avstand til eventuelle turfolk/jegarar som er i området.
- Dispensasjon gjeld for bruk av drone med pilot frå Innlandet droneberedskap. Dronefører skal vere godt kjent med Luftfartstilsynets regelverk for bruk av drone: <https://luftfartstilsynet.no/droner/>
- SNO v/ Per Olav Haugen (mob 970 57 213), skal varslast på SMS dagen før flyginga.
- Nasjonalparkforvaltar skal ha ein årleg rapport om samla omfang av flyging.
- Rapporten skal sendast på e-post til: sfinpost@statsforvalteren.no, seinast 1.desember det aktuelle året.

Klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Nasjonalparkstyret for Reinheimen.



Dokumenter i saka

- Søknad frå Skårvangen beitelag v/Kai Espen Lilleengen, 20.09.21
- Behandling av dronesøknader i Reinheimen nasjonalpark- prinsippsak 47/18, 07.08.2018
- Bruk av droner i verneområder, brev frå miljødirektoratet 06.03.19.

Saksopplysningar

Søknaden

Skårvangen beitelag v/Espen Lilleengen søker om å bruke drone for å leite etter sakna sau etter hovudsanking på hausten 2021.

I e-post 20.09.21 frå søkjar står følgjande:

Skårvangen beitelag i vågå søker herved om løyve til dronesøk etter savnede beitedyr, deriblant en drektig ku, i vernet område reinheimen nasjonalpark.

Søket er planlagt onsdag 22/9-21, gjennomført av vågå røde kors V/Morten Hammer.

Vi må ha skriftlig bekreftelse på at søket kan gjennomføres med drone.

Sida tida var knapp før planlagt ettersank, fekk beitelaget eit løyve 22.09.21 til å gjennomføre søk 22.09.21:

Det blir gjeve dispensasjon til flyginga men det er travelt her akkurat nå, så det formelle vedtaket blir ettersendt så snart som mogleg.

Vilkår for bruk av drone er de unngår å fly nær dyr og fugl.

Ved observasjon av rovfugl må dronen takast ned til fuglen har trekt vekk.

Det skal og haldast god avstand til eventuelle turfolk som er i området.

SNO v/ Per Olav Haugen eller Thomas Rødstøl skal varslast før ein startar dronesøk innan verneområdet, e-post (per.olav.haugen@miljodir.no / 97057213 eller thomas.rodstol@miljodir.no / 91547617

Nasjonalparkforvaltninga ber om ein kortfatta rapport/e-post om samla omfang av flyging ved avslutning av oppdraget, og seinast 01.12.21.

Etter telefonkontakt med søkjar om fleirårig løyve for bruk av drone, sendte Skårvangen beitelag ein supplerande søknad 06.10.21:

Har glempt og sende deg Mail på søknaden vi pratet om for noen uker tilbake, men her kommer den.

Som avtalt over telefon så sender eg søknad pr/Mail på løyve til dronekjøring i vernet område får Skårvangen beitelag.

Ønsker og få løyve til og søke etter savnede beitedyr i vernet område, svarthovdan, gravdalen mot Lesja, Finndalen, og gjerdingsdalen mot Finndalen.

Ønsker at søknaden blir innvilget for 3-5år.

Evnt søk etter beitedyr vil gjelde fra ca 15/9 kvart år og så lenge været tilsier det med håp om og finne overlevende, dette varier litt fra år til år før snøen kommer.

Hvis det blir aktuelt og søke etter beitedyr i tiden framover så er det dronepilotene:

Morten Hammeren og Kjell Petter syvergård, som vil stå får det, årlig rapport blir innrapportert etter evnt søk.

Mvh Skårvangen beitelag V/ Kai Espen Lilleengen.



Heimelsgrunnlag

Delegering

I medhald av vedtekter for Reinheimen nasjonalparkstyre punkt 6.2, jf. naturmangfaldlova § 62 andre ledd tredje punktum, har nasjonalparkstyret for Reinheimen i styremøte 14.03.2016, sak 5/16, gjort vedtak om å delegere handsaming av einiskilde saker til nasjonalparkforvaltaren, slik som i denne saka. Vedtaket gjev nasjonalparkforvaltarane i Reinheimen myndigheit til å treffe vedtak i saker av kurant karakter.

Med saker av kurant karakter meiner ein følgjande:

- Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsføresegnene i verneforskriftene om ferdsel og motorferdsel.
- Saker etter andre spesifiserte dispensasjonsføresegner i verneforskriftene og etter naturmangfaldlova § 48 der:
 - a) Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadene er tilnærma uendra.
 - b) Det føreligg etablert forvaltningspraksis frå saker handsama av styret/AU i tilsvarende sak.
 - c) Forvaltningsplanen gjev eintydige føringar for utfallet.

Det vert og her vist til prinsipp for vurdering søknader om bruk av dronar i Reinheimen, behandla i nasjonalparkstyret 19.09.18, sak 2018/4499. Det er aksept for å gje dispensasjon til bruk av drone i samband med landbruksføresmål som t.d. leting etter sakna beitedyr. Eks. FMOPSak 2017/925 – bruk av drone i samband med ettersank av sau i Ulvådalen sausankelag.

Søknaden er vurdert i samsvar med:

Forskrift for Reinheimen nasjonalpark, 24.11.2006
Forvaltningsplan for Reinheimen, 2010
Naturmangfaldlova, 2009

Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde er etter verneforskriftane § 3, pkt. 1.1, verna mot inngrep av alle slag, - *mellom anna oppføring av bygningar, tilbygg, gjerde, anlegg og andre varige eller mellombelse innretningar, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineral eller fossil, fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, merking av stiar og løyper o.l. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmende.*

Etter lov om motorferdsel i utmark er små luftfarty som drone ikkje rekna inn, da den lova berre omfattar farkostar som er store nok til å frakte ein person.

I Reinheimen er det eit eige punkt som regulerer denne typen farkostar. I verneforskrift for Reinheimen § 3, pkt. 7.2 står følgjande: «*All unødvendig støy skal unngåast. Bruk av motor på modellfly, modellbåt mv. er forbode....*» Det blir tolka slik at «mv.» omfattar dronar.

I landskapsvernområda er denne type farkostar ikkje regulert gjennom vernereglane, men all ferdsel skal skje med omsyn, utan skade på naturmiljø, og dyrelivet skal ikkje uroast (jf. verneforskrifter § 3, pkt. 4.1. Generelt om ferdsel).



Forvaltningsplan

Forvaltningsplan for Reinheimen frå 2010 gir ikkje føringar for bruk av droner, ettersom det var ein lite brukt teknologi da planen vart utarbeidd.

Naturmangfaldlova

Bruk av drone er forbode i Reinheimen nasjonalpark. Tiltaket er heller ikkje omtalt i verneforskrifta som eit unntak nasjonalparkstyret kan gje dispensasjon til. Søknaden om bruk av drone må derfor behandlast som dispensasjon frå vernevedtak, § 48 i naturmangfaldlova (NML).

Naturmangfaldlova § 48 sett strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, og opnar for dispensasjon for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkår må vera oppfylt. Dispensasjon *må* heller ikkje gjevast sjølv om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna myndigheiter spiller også inn. Dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48 kan ikkje nyttas for å utvide ramma gjeve i vernevedtaket, men skal være ein sikkerheitsventil som skal fange opp heilt spesielle tilfelle som ikkje ble vurdert på vernetidspunktet.

I tillegg til behandling etter verneforskrift og eventuelle retningslinjer i forvaltningsplan og naturmangfaldlova § 48 må søknaden også vurderast etter naturmangfaldlova, herunder dei miljørettslege prinsipp i §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samlet belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforringelse bæres av tiltakshaver samt miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder), jf. § 7.

Presedens

I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Det er dei siste par åra registrert ein vesentleg auke av søknadar om droneflyging til ulike tiltak, og vedtak i prinsippsak, 2018/4499, opnar for å vurdere dispensasjon i samband med landbruksføremål som leiting etter beitedyr.

Vurdering

Verneverdiane i Reinheimen nasjonalpark og tilgrensande landskapsvernområde er i stor grad knytt til naturverdiar. Bruk av drone kan virke negativt på fauna i ein sårbar fase som kalving/hekking. Rovfugl og villrein er særleg utsett. I tillegg er støy frå motorisert ferdsel og drone generende på friluftslivet.

I Forvaltningsplan for Reinheimen er forholdet til å gi dispensasjon ikkje diskutert spesielt, men bruk av drone kan vera særleg konfliktfylt fordi nasjonalparken skal vera skjerna for unødig støy og uro. I høve støy, er lyden av elektrisk drone godt merkbar på kort avstand, men jo lengre avstand, jo mindre lyd. Ved bruk av drone er det svært viktig å halde god avstand til sårbare lokalitetar for rovfugl og vilt.

Bruk av drone er ein relativt ny sakstype, men i saker der er gjeve dispensasjon er det sett vilkår til formål, område og tidsrom. Det er og sett vilkår om å halde seg unna dyreliv/hekkelokalitetar, og vilkår om å unngå flyging i perioder p.g.a. jakt/friluftsliv. Med bakgrunn i auka bruk av drone har nasjonalparkstyret gjort ei vurdering av handtering av dronesøknader innafor Reinheimen nasjonalpark. Det er gjort ei vurdering for å skilje ut



formål som er kurrant og ikkje, og aktuelle vilkår for å avbøte på evt. ulemper for verneverdiar.

I brev datert 06.03.2019 frå Miljødirektoratet til nasjonalpark- og verneområdestyre og kommunar med forvaltningsmynde omtalast bruk av drone i verneområde, m.a.; *Ulempene og skadepotensialet med bruk av droner er vel kjent, både i forhold til friluftsliv og dyreliv. Samtidig kan bruk av droner ha stor nytteverdi, f.eks. ved bruk i naturforvaltning og ulike typer næringsvirksomhet. Dette gjelder ikke minst når bruk av droner kan redusere kjøring på barmark eller redusere bruken av fly/helikopter.*

Vidare er særskilt dispensasjon omtalt:

For områder med forbud mot bruk av droner kan det både for tamreindrift, sauenering og oppsynsvirksomhet mv vurderes å gi dispensasjon etter naturmangfoldloven § 48. De vurderingene som skal gjøres av hjemmelsforhold, naturtilstand, sårbarhet og skjønnsmessige forhold fremgår generelt av Miljødirektoratets "Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter".

Kunnskapsgrunlaget om verneverdiane i Reinheimen nasjonalpark er godt. Når det gjeld villreinen sin bruk av området vert det vist til NINA Rapport 643, om Villrein i Ottadalen og Regional plan for Ottadalsområdet (2014-2026), vedteke 2011, som har som føremål å sikre ein levedyktig villreinstamme innafor områda. Det er også utarbeidd sårbarheitsvurdering for rovfugl/våtmarksfugl i Reinheimen nasjonalpark, (Kistefoss Skogtenester, Rapport nr.6 2018).


Det er døme på at rovfugl skyr drone ved konkurranse i luftrommet. Dronar som nærmar seg fuglar ovanfrå vil kunne minne om eit predatorangrep og skape flukt og stressreaksjonar. Det er også kjent at rovfugler kan angripe drone, noko som kan føre til at rovfuglane skadar seg (jf. bl.a rapporten "Approching birds with drones: first experiments and ethical guidelines", Elisabeth Vas et al.). Sidan bruk av drone skal gjennomførast på hausten vil tiltaket ikkje vera i konflikt med hekking og den mest sensitive tida for rovfuglane.

Når det gjelder bruk av dronar har man generelt lite kunnskap om verknad på villreinen. I delar av villreinområdet i Rondane sør har ein utanfor verneområda brukt drone til strukturteljingar. Erfaringane her var at villreinen la merke til dronane, mogleg på grunn av støyen, men også visuelt. Nokre flokkar trakk seg litt meir saman, utan registrert fluktreaksjon. På hausten er reinskalvane blitt store, men ein kan møte på villreinflokkar i områda det skal flygast med drone. Av omsyn til villrein er det avgjerande korleis ein utfører dronefilminga. Dersom ein observerar villrein skal ein ta ned drona, halde god avstand og vente med å fly til villrein har trekt unna.

I høve til siste ledd i formålsparagrafen, om at «Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving» kan det tenkjast at enkelte vil føle at omfattande bruk av luftfarkostar medfører øydelegging av kjensla av å vera i urørt område. Det er viktig at ein unngår flyging når det er turgåarar/jegarar i området. Det er viktig å vise respekt for folk som ferdast i fjellet, og unngå filming av privatpersonar som ikkje er førespurt om dette på førehand. Ein legg her til grunn at flyginga med drone skjer i samsvar med samferdselsdepartementets forskrift av 30-11-15 Forskrift om luftfartøy som ikkje har fører om bord mv, som også har strenge føringar på avstand til andre.



Det er viktig å få henta sauen før vinteren, og i eit stort beiteområde er behovet for hjelpemiddel til stade. Normalt ville forvaltninga stilt krav om nærare presisering av område for bruk av drone, for å kunne vurdere søknaden opp mot heilt konkrete sårbare verneverdiar. Sidan oppdraget er planlagt seinhaustes og utanom yngletid/ hekkesesong kan den likevel vurderast som eit generelt unntak for det aktuelle leiteområdet.



Kartet over dekker beiteområdet til Skårvangen beitelag innafor Reinheimen np. Det blå feltet deler av eit trekkområde til villrein, og det rosa er kalvingsområde. Kommunegrensa er stipla line.

Tiltaket må også vurderast mot naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er vurdert som tilfredsstillande når det gjeld biologiske verdiar i dei aktuelle områda, og flyginga er lagt til tidsrom utanom hekkesesong, kalving og yngleperiode. Ut frå føre-var-prinsippet (§ 9) er det likevel alltid viktig å unngå nærføring til rovfugl og villrein som måtte finnast i området, og ta ned drona ved observasjon av rovfugl og villrein.

Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10) tilseier at det er viktig å følgje utviklinga, og innarbeide tydelege føringar for bruk av drone knytt til beitebruk i nasjonalparken ved revisjon av forvaltningsplanen.

Tiltaket medfører ikkje miljøforringing, og nml § 11 blir såleis ikkje vurdert som relevant. § 12 gjev føringar om «miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder». Bruk av drone i dette tilfelle er ein effektiv metode som gir mindre uro enn ved bruk av t.d. helikopter, jf. brev frå Miljødirektoratet, 06.03.2019.



Nasjonalparkforvaltar vurderer at ein har god kunnskap om naturmangfaldet, og vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylt under gjevne vilkår. Dispensasjon i dette tilfelle er knytt til nytteverdien for beitebruksnæringa. Droneflyginga er forbigåande, og vil med gjevne vilkår ikkje påverke verneverdiane i nemneverdig grad. Bruk av drone vil vera mest skånsame hjelpemiddel for å få lokalisert sakna beitedyr før vinteren. Av omsyn til dyrevelferden bør det leggjast til rette for ein effektiv leiteaksjon.

Med helsing

Kristine Sørli
nasjonalparkforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift

Kopi til:
Vågå kommune
Lesja kommune
Statens naturoppsyn v/Thomas Rødstøl
Lom kommune
Mari Melbø Rødstøl
Reinheimen-Breheimen villreinutval v/Knut Granum
Statsforvalteren i Innlandet
Statens Naturoppsyn v/Per Olav Haugen